



Kristian Bringedal vart ny leiar i Kvinnherad Venstre. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Årsmøtet i Kvinnherad Venstre har vald uskedelingen Kristian Bringedal til ny leiar. Bringedal har også tidlegare vore leiar i lokallaget. Han tar no over etter Resy Aak Thoresen.

Med seg istyret har han Resy Aak Thoresen, Tove Ertsland (ny), Gunnar Røssland og Bjarne Lilleaas. Lilleaas er og frå Uskedalen. Han og Røssland sit i kommunestyret.

Partilaget skriv i ei pressemelding at det har fått eit styre med brei kompetanse og variert erfaring, og såleis skulle vere godt rusta til eit år med programarbeid og listearbeid framføre kommunevalet 2011.